

Vognhallen offisielt innvia



Avduking av skilt: Olav Vindedal frå Stiftelsen UNI (t.v.) og Asbjørn Ulvik frå Lions Club Bergen/Løvstakken. Foto: Per Ivar Tautra.

Vognhallen på Stend vart bygt takka vera både Os vidaregåande skule som byggmeister og Stiftelsen UNI med fleire som økonomiske bidragsytarar. Hallen er av uvurderleg verdi, og Osbanens Venner har ønskt å synleggjera takksemda overfor dei som gjorde det mogeleg å gjennomføra prosjektet. Laurdag 26. oktober 2013 vart eit emaljeskilt som fortel kven som har bygt hallen, høgtidleg avduka.



Lovnader om økonomisk støtte var viktige føresetnader for at Osbanens Venner kunne gå i gang med det som skulle verta foreininga sitt største einskildprosjekt til no. Etter søknad løyvde Stiftelsen UNI 126.000,- kroner til prosjektet. Frå før hadde foreininga midlar som var gjeve av Bjarne Rieber. Seinare, då hallen synte seg å verta dyrare enn ein hadde budsjettert med, kom det óg andre sponsorar til. Ein annan viktig føresetnad for arbeidet var at Os vidaregåande skule hadde teke på seg å byggja vognhallen som elevarbeid. Dermed vart byggjearbeidet rimeleg, ein fekk svært mykje att for pengane.

Emaljeskilt til ære for sponsorane

Osbanens Venner har i 2013 fått laga eit fint emaljeskilt i gamal stil med tekst om at vognhallen er bygt av Os vidaregåande skule for Osbanens Venner og med namn på dei som har gjeve økonomisk støtte til prosjektet.

Det er mange som har hjelpt til i prosjektet, men det ville føra for langt å ta alle med på skiltet. Det ville dessutan vera vanskeleg å trekkja eit klårt skilje mellom kven som skulle omtalast og kven som ikkje skulle med. Det vart difor vedteke at kun byggmeisteren kom med, saman med dei som har gjeve økonomisk støtte til prosjektet. Ei rad leverandørar har hjelpt til ved å levera varer og tenester til reduserte prisar. Ingen er nemnde, ingen gløynde. Skiltet er plassert på nordre langveggen, på den enden som kjem nærast gang- og sykkelvegen på gamle Osbanetraseen. Det er utan tvil den plasseringa som gjer at skiltet vil verta lagt merke til av flest personar.

Styret i foreininga sette i vår ned ein komité som fann ein høveleg dato, utarbeidde program for dagen, sende ut invitasjonar og tok seg av det praktiske. Inviterte til seansen vart dei organisasjonane som er nemnde på skiltet, forutan styret i Osbanens Venner og aktive medlemmer som har vore med og jobba med vognhallprosjektet.



Fest i vognhallen – ein kjekk stad når det regnar

Laurdag 26. oktober synte seg å vera ein dag med skikkeleg Bergensver; det regna. Då var det ekstra godt å ha ein vognhall å vera i! Så godt som heile arrangementet fann difor stad inne i hallen. I god tid før programmet starta klokka 13 var difor lokomotiv, vogn og dresin skubba ut. I kurva mellom vognhallen og stasjonen fekk toget stå til pynt, og me registrerte fleire som stoppa for å sjå på toget dei timane det stod ute. Ein bil som passerte, kom endåtil tilbake for å stoppa, og sjåføren spratt ut og gjekk rundt og fotograferte.

Inne i vognhallen vart det rigga til med stort kakebord like innafor dei store portane, som stod lukka under heile seansen. Midt i hallen vart det sett fram benkar og stolar til vel 20 personar, og i austre enden av hallen var det mikrofonar, notestativ, forsterkar og høgtalarar. Det var montert lyskastarar i taket og på stativ på golvet. Over kakebordet hang fargerike ballongar på rekkje og rad. Alt var med andre ord lagt godt til rette for ein fin fest.



Kakebordet.



Over: Olav Vindedal avdukar skiltet.
Til venstre: Vognhallen fungerte som sal.

Bidragstytarar vognhallen:

Stiftelsen UNI	126.000,-
Bjarne Rieber	25.000,-
Sparebanken Vest	25.000,-
Lion's Club Bergen – Løvstakken	10.000,-

Rallarne spela opp

Arrangementet vart opna ved at bandet *Rallarne* spela opp med «*No kjem ein vals*». Og så spela dei fleire låter mellom talane og dei andre innslaga. Rallarne, som nettopp har markert sine første 30 år som band, sette ein ekstra spiss på stemninga i vognhallen. Det svinga godt, ikkje minst då dei etter kvart drog i gang med country-låta «*Singing Joe*». Dei tre som spela i vognhallen på laurdag, var Kai Arntzen (fele), John-Egil Lilletvedt (vokal og rytme) og Roar Nilsen (gitar og vokal). Bassist Jan Helge Støve hadde diverre ikkje høve til å vera med denne dagen. Gitarist Roar Nilsen er elles sekretær i Osbanens Venner, og foreininga har nytt godt av Roar og gitaren hans ved fleire høve tidlegare.



Rallarne underheldt i vognhallen. Frå venstre: John-Egil Lilletvedt, Kai Arntzen og Roar Nilsen. Foto: Per Ivar Tautra.

Presentasjonar og avduking

Leiar i Osbanens Venner, Ingvard Aam, presenterte kort dei bidragsytarane som ikkje hadde høvre til å vera til stades. Han gav så ordet til dei frammøtte representantane for bidragsytarane, som i tur og orden fekk fortelja om organisasjonane sine og kvifor dei hadde gjeve midlar. Olav Vindedal møtte på vegner av Stiftelsen UNI. Han gav ei interessant forteljing om korleis Stiftelsen UNI oppstod og kva typar tiltak stiftinga plar gi økonomisk støtte til. Han oppmoda Osbanens Venner om å senda fleire søknader dersom dei hadde gode prosjekt. For Lions Club Bergen/Løvstakken hadde Asbjørn Ulvik ordet. Han kunne fortelja at Osbanens Venner ikkje hadde søkt dei om midlar, men at Lions hadde gjort samrøystes vedtak om tildeling av pengar etter framlegg frå Ulvik, som hadde vore på Stend stasjon og vorte svært oppgløyd over det han hadde fått oppleva der.

Etter innlegga tok forsamlinga turen ut. Veret var på Osbanen si side, for nett denne stunda regna det ikkje. Olav Vindedal frå hovudbidragsytaren, Stiftelsen UNI, fekk æra av å avduka emaljeskiltet på vognhallveggen. Skiltet var fint tildekkja med ei mørk blå gardin. Forsamlinga applauderte, og så vart Vindedal og Ulvik fotograferte ved sida av skiltet.

Historie og kaker

Etter at skiltet var avduka gjekk gjestene inn og sette seg i vognhallen att. Rallarne spela ei låt, og så fekk mangeårig medlem i Osbanens Venner, Per Ivar Tautra, ordet. Han heldt eit føredrag der han trekte dei lange linjene frå Decauville sitt banesystem som vart presentert på verdustillinga i Paris i 1889, fram gjennom planlegginga og bygginga av Osbanen i 1880- og 90-åra og til vognhallen på Stend var ferdig bygt i 2011. Tautra la vekt på kvifor Osbanen vart bygt og at banen var unik i Noreg, som den første og einaste av sitt slag og den minste jernbanen her i landet. Vogna som står på Stend, er sett saman av to halve vognkasser av dei åtte første vognene som vart leverte til opninga av banen i 1894. Vogna var difor ein representant for ein heilt ny måte å byggja jernbanar på, i tillegg til at ho er Noregs minste boggipassasjervogn. Å byggja vognhallen har vore svært viktig for å sikra den unike vogna mot både hærverk og ikkje minst ver og klima.

Etter føredraget var det servering av kvit dame, tebrød, te og kaffi. Folk forsynte seg, praten gjekk og rallarane spela. Seansen vart så avslutta ved at leiar Ingvard Aam takka alle for frammøtet.

Gåve til Os vidaregåande skule

Osbanens Venner har forståing for at ikkje alle bidragsytarane hadde høve til å stilla på Stend på arrangementet. Særleg var det leit at ikkje Os vidaregåande skule kunne vera med. Styret i Osbanens Venner meiner skulen sin innsats har vore svært viktig, og har difor vedteke å overrekkja skulen eit innramma foto av vognhallen med innskripsjonar som eit synleg minne om innsatsen som er lagt ned.

Vognhallen - fakta

I tråd med intensjonen har Osbanens Venner fått ein vognhall som gjer at den unike jernbanevogna og foreininga sitt diesellokomotiv no står tørt og trygt for ettertida. Hallen glir dessutan fint inn i det gamle stasjonsmiljøet på Stend og framstår som ein flott bygning i seg sjølv. Hallen er bygt med den gamle vognhallen frå 1894 på Osøyro som førebilete. Den nye hallen er likevel både kortare og smalare for å passa inn på Stend. I tillegg er hallen forsynt med veggjar og portar for å sikra mot innbrot og klimatiske utfordringar. Vognhallen har ei grunnflate på 15 x 4 meter.

Byggjeprosessen i raske steg

Hordaland fylkeskommune som grunneigar stilte seg positiv til at hallen kunne reisas på tomta. Stend jordbruksskule, som forvaltar av grunnen, var óg positiv, og tok endåtil på seg å rydda tomta for skog.

Os vidaregåande skule utførte avgraving av lausmassane som elevarbeid. Os vidaregåande skule stod vidare for boring av hol for



sprengladningar. Firmaet Sprengnings Teknikk AS vart leigd inn for å føreta sjølv sprengingane. I alt fire salver gjekk av for å få tomta planert.

Fleire gravemaskineigarar var i tur og orden inne på tomta og hjelpte til både med grøfta for den private vassleidningen som kryssa tomta, og elles med å planera. Medlemer av Osbanens Venner deltok med handamaksarbeid i grøfta for vassleidningen. På grunn av at sprengingane ikkje hadde gjort godt nok utslag, måtte det skiftast ut ein del massar på tomta og nokre lass småstein måtte kjøpast og tilkøyrast. Os vidaregåande skule forskala og støypte grunnmuren som elevarbeid.

Os vidaregåande skule stod for transport av materialar frå Os til Stend, og for hovudaktiviteten; sjølv byggjearbeidet. Lærar og elevar jobba på vognhalltomta kvar måndag og onsdag frå desember 2010 til juni 2011, med unnatak av jul, påskeferie, ei veke vinterferie og tre veker utplassering i praksis. I tillegg vart somme tysdagar vorte nytta.

Alt av søyler, bjelkar og sperr m.v. er kjøpt hjå Solberg Sagbruk på Osterøy. Takplater er kjøpte hjå Neumann Bygg i Bergen. Dei var den einaste forhandlaren i området som kunne levera bølgeblekk av den gamle tidsriktige typen.

Etter råd frå fagkyndig hjå Bygningsverntenesta i Hordaland fylkeskommune er det nytta linoljemåling. All påføring av måling har skjedd ved dugnadsinnsats frå medlemer av Osbanens Venner.

Medlemer av Osbanens Venner har m.a. montert bom/lås på dei store portane, og elles fiksa ein del småting på bygningen. Osbanens Venner har innretta veggane slik at dei kan fungera som lagringsstad for stigar, verktøy og materialar. Langs heile langveggane er det montert pleksiglas. Dei hindrar at vatn driv inn. Platene er monterte på innsida av søylene og skråavstivarane, slik at dei bygningsmessige detaljane visuelt kjem like godt til sin rett som utan platene. Platene slepp dessutan inn fullgodt med lys. Ein ekstra pluss er det at dei er med på gjera det lunare i hallen.

Milepålar:

20.02.2009: Osbanens Venner får byggjeløyve

01.03.2009: Skogen er rydda

23.03.2009: Gravemaskin på plass på Stend

25.05.2009: Tomta er ferdig sprengt

22.10.2009: Tomta ferdig planert

17.11.2009: Forskalinga riven

13.12.2010: Bygginga starta

02.02.2011: Kranselag – alle sperra er på plass.

28.03.2011: Tett tak

08.06.2011: Os vgs ferdig med sitt arbeid

Juni - august 2011: Vognhallen vert måla

22.08.2011: Legging av spor

10.09.2011: Sporet inne i vognhallen ferdig lagt

27.12.2011: Lokomotiv og vogn løfta inn i vognhallen.

24.03.2012: Sporet ferdig - toget kan køyra frå vognhallen til stasjonen

Tekst og foto: Per Ivar Tautra.

Brureferd på Osbanen

Det skjedde sikkert medan Osbanen var i ordinær drift i perioden 1894-1935, men seinare har det ikkje skjedd før laurdag 8. juni 2013: Eit brurepar reiste med Osbanen.

Christine Stavnes Hatlevik og Hans Inge Hatlevik gifte seg i Fana kyrkje klokka 13. Første stopp etter vigslinga vart Stend stasjon.

I mai i år fekk nemleg Osbanens Venner e-post frå den komande brura: «*Vi skal gifte oss lørdag 8. Juni og ser etter gøye steder i Fana for å ta bilder etter vielsen.*» Spørsmålet var om toget ville stå ute på Stend stasjon den aktuelle laurdagen og om det i så fall var greitt at dei tok nokre foto av brureparet framom toget.

For Osbanens Venner var det hyggjeleg å få eit slikt spørsmål. Toget står normalt ikkje ute, men sjølvstilt ville me køyra det ut for eit brurepar. Datoen passa dessutan bra, sidan det likevel var tilskipa dugnadsarbeid den dagen. Me sende difor av garde eit positivt svar.

Dagen kom, og då brureparet kom til Stend stasjon, visste dei ikkje kva som venta dei: Ikkje berre stod toget ute, men det ville endåtil køyra med dei nygifte om bord. Fotografen fekk til og med melding om at ho kunne dirigera toget dit ho tykte det passa best å fotografera. Mange foto vart tekne, både inne i vogna, på plattformene og framom både vogn og lokomotiv.

Osbanens Venner har seinare fått tilbakemelding frå den nygifte Christine Stavnes Hatlevik med takk for velviljen og ei strålande oppleving. Osbanens Venner på si side tykte det var kjekt å kunna stilla opp. Me finn det sjølvstilt både hyggjeleg og inspirerande at folk har lagt merke til det som er samla på Stend stasjon og at folk ønskjer å nytta stasjonen eller materiellet til slike spesielle hendingar.



*Christine Stavnes Hatlevik og Hans Inge Hatlevik.
Foto: Frost Studio.*

Hugs grasrotandelen!

Gløym ikkje at du kan gi verdifull støtte til Osbanens Venner kvar gong du spelar hjå Norsk Tipping!

Som registrert spelar kan du velja ei foreining som du ønskjer å støtta - *din Grasrotmottakar*. Me oppmodar deg om å støtta *Osbanens Venner*.

Du kan spela favorittspela dine - til dømes Lotto, Tipping og Joker - og samstundes gi noko til den foreininga du ønskjer å støtta. Alle spel hjå Norsk Tipping vil la 5% av innsatsen gå direkte til foreininga (gjeld ikkje Extra, Flax og Belago). Merk at Grasrotandelen ikkje på nokon måte går ut over innsatsen eller premien din - du mistar ingenting fordi du er grasrotgjevar.

I 2012 mottok Osbanens Venner 7.400,- kroner i grasrotmidlar. Det er 15 spelarar som har Osbanens Venner som sin grasrotmottakar, men det er sikkert fleire der ute som enno ikkje har valt mottakar.

Det er også mogeleg å bytta grasrotmottakar, til dømes dersom du heller vil gi tippemidlane til Osbanens Venner enn til idrettslaget... :-)

Det finst mange måtar grasrotmottakar kan veljast eller endrast på: Du kan gjera det både ved å logga deg inn på norsk-tipping.no , via Norsk Tipping sin mobilapplikasjon, på mobilspill eller per SMS (Send kodeord GRASROTANDELEN + organisasjonsnummer til 2020. Døme: GRASROTANDELEN 993824712.)

Du kan óg få ein kommisjonær til å ordna det for deg. Hugs namnet på mottakaren, eller ha gjerne med organisasjonsnummer eller strekkode for den aktuelle mottakaren.

Meir informasjon finst på www.grasrotandelen.no. Her vil du òg kunna følgja med på kor mykje Grasrotandelane genererer for dei einskilde Grasrotmottakarane.



**Organisasjonsnummeret som Osbanens Venner er registrert med i ordninga:
Osbanens Venner - org.nr 993824712.**



www.osbanen.no
obv@osbanen.no